

Bakke – Lillebakke ell.Smee (gnr. 90 og 96)

Kommentar fra Opplandsarkivet:

Av en eller annen grunn har ikke Aksel Hattestad sett det nødvendig å skille de to gardene gnr. 90 Bakke og gnr. 96 Smee (Lillebakke) selv om dette helt klart er to gardar og har vært det så langt tilbake i tid som de kan følges. De er heller ikke nabogardar da det ligger to gardar imellom. I den eldste tida er den minste garden Smee og den største er Bakke.

Gnr. 78 Skålien er fraskilt gnr. 96 Smee og gnr. 75 Veltsæterengen er en ubebodd hemsæter (vårsæter) som tilhører gnr. 90 Bakke.

Bakke: Gardnamn som sikkert kjem av naturnamnet bakke. Skrivemåten av namnet har i det heile vore stø og godt kjenneleg.

Smee: Gardnamn av yrkesnamnet smed, sml. Smedstua.

I skrivne kjelder finn vi gardsbruket Bakke først nemnt i 1604. Namnet er da skrive Backe, og garden svara tiendekorn med 1 mæle og var altså av dei mindre gardane i Fåberg i den tid. Samtidig er det fortalt at Gunder Backe var ”ødegårdsmand” og leiglending som svara halding av eit bruk på 2 skinns skyld. I 1620 er Morten Backe omtala. Han vart da dømt til å svara ei pengebot på 6 ½ dalar og 10 skilling fordi han ”aff drukkenskap spyede i bemeldte Sognekirke”.

Morten Backe var likevel brukar av Backe også i 1625. Han betalde da 3-årsbygsla av ½ hud krongods med 1 ort. I ei liste over bygselbønder av 1629-30 er det da ført opp 2 leiglendingar på Backe. Joen Backe svara halding med ½ dlr., og Morten Backe med 1 dalar. Etter det måtte det altså vera eit mindre og eit større bruk Backe alt i 1630.

Ved matrikuleringa av gardane i 1665 er det vidare fortalt om Backe-gardane at landskylda av den største garden, Backe av skyld 1 hud, framleis låg til Kongen, og at brukaren da heitte Johannes. Elles er det om garden fortalt at enga der, innmarka, var god og at meir kunne dyrkast. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 10 naut, og at korntienda vart utreidd med 1 ¼ tønne, som altså svara til ei årsavling på 12 ½ tn. Det er elles opplyst at det var skog nok både til gards nytte og til tømmerkog. Vidare går det og fram at backe alt da hadde seter og sommarbeite åt krøtera på ”Quandall Setter”. – Når det gjeld Backe av ½ hud, låg denne garden til Fåberg prestebol, og brukaren heitte da Lauridtz, sikkert til dagleg kalla Lars, og han var da 60 år. Om dette Backe er det vidare fortalt at buskapen av store husdyr der var 1 hest og 9 naut, og at det på garden m. a. var ein liten humlehage, noko som tyder på at det var ein stad der det ofte var framande som skulle ha øl til maten, kanskje var det presten. Elles hadde dette Backe også seter på Kvandalen.

I matrikkelframlegget av 1723 er baa desse gardane framleis kalla Backe. Backe av skyld 6 skinn låg da som før til Fåberg prestebol. Elles er det her gitt fleire nyare opplysningar om garden. Husdyrhaldet hadde da auka til 2 hestar, 10 naut, 10 sauer og 10 geiter, og den årlege utsæden av korn var da kring 4 tønner bygg. Garden var da utbygd så han hadde to husmannsplassar og eiga kvern. Det er vidare oppgitt at garden er lettbrukt, og at jordarten der er god. – Backe av skyld 1 hud låg framleis til Kongen, men hadde ikkje hatt den framgang som Backe av skyld ½ hud. På krongodset Backe var husdyrhaldet nok og auka og var da 2 hestar, 10 naut, 11 sauer, og utsæden av korn var 3 tønner bygg. Elles var det her 1 husmannsplass. Om sjølve jordbruket er det elles oppgitt at garden var tungbrukt, men jordarten var god, ”dog noe vaadlendt”. Vi merker oss elles at vi ennå ikkje har støytt på namnet Lillebakke.

År 1727 fekk så Hans Poulsen og arvingar etter søknad kongeskjøte frå Friderich den fjerde på ”en deres eiende andel i gården Backe, afsigneret Infanterie officeres kvarter skylder 1 hud med bøxel for sum 330 rd.”, og dermed var altså Hans Poulsen vorte sjølveigande brukar på Backe. I samband med overtakinga av garden lånte Hans Poulsen samtidig 330 rd. av Ole Pedersen Hof mot årleg rente og pant i Backe av skyld 1 hud.

I mellomtida hadde i 1722 foged Stenersen gitt Lars Backe på Backe av skyld ½ hud bygselseddel på "en sæterløkke på Qvandalen sæter så vel som Skaalelien engeslett og en liden sve samme steds, hvorav årlig svares for 2 læss hø 4 skl."

Det er i kyrkjebøkene vi først finn gardnamnet Lillebacke tatt i bruk, og det var nettopp i Lars Backe si tid. Han budde på "Lillebacke" enda i 1735, og det var da det merkelege tilfelle der at det var 3 dåpsbarn på Lillebakke og husmannsplassane det same året. Husbonden heitte altså framleis Lars, medan den eine av husmennene heitte Mads og den andre Paal.

Men i 1740 var Lars Larsen død, og det var arveskifte på "Lillebakke i Faaberg". Ved dette skiftet var den økonomiske stoda på garden slik at arvebuet utgjorde brutto 250 rd. og netto 166 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka av 2. ekteskap, Eli Jonsdtr., dei 4 borna etter husbonden Lars Larsen. Av borna var det 2 born av 1. ekteskap og 2 born av andre, og dei heitte: 1. Mari, som var 15 år, 2. Kirsti, 8 år, 3. Sigri, 5 år, 4. Rannild, 1 ½ år.

I 1732 finn vi elles namnet Smee for første gong brukt om Bakke, og det var da Eener som var brukar på garden bå desse namna, "Bache, Smee". Ni år seinare var det i 1751 Ole Pedersen som var brukar av Bakke av skyld 1 hud. Han gav da bygselseddel til Peder Madsen på ein husmannsplass som og vart kalla Bakke.

Same året gav og sogneprest Niels Stochflet bygselseddel til enka Kjersti Madsdtr. på husmannsplassen Engesveen under Lille Bache. Samtidig fekk og Kristen Pedersen bygsel på husmannsplassen Smedstuen. Det er her god grunn til å merke seg namnet. – I 1758 hadde Kirsti Hansdtr. Bakke lånt 380 rd. av Eener Haagensen Lillebache mot pant i Bache skyldende 1 hud. Tre år seinare fekk i 1761 eldste son til Ole Pedersen, samsøskenskjøte på ættegarden Bache av skyld 1 hud for kjøpesum 400 rd. – Av interesse er her at sokneprest Ole Irgens så seint som i 1761 gav bygselseddel på Lille Bache av skyld 6 skinn. Det svarar og med det H. F. Hiorthøy fortel i si bok om Gudbrandsdalen av 1786.

I 1770 heitte bå brukarane på Bakke-gardane Ole. Ole Olsen Bache lånte da 300 rd. av Ole Pedersen Lillebache mot årleg rente 4 % og 1.pr.pant i Bakke av skyld 1 hud. Men året etter gav i 1771 Ole Olsen Bache skjøte til steson sin, Halvor Jacobsen på Bakke av skyld 1 hud for 400 rd. – År 1789 hadde elles Ole Olsen d. y. kjøpt att Bakke av skyld 1 hud for 560 rd.

På Lillebakke kom det i 1780-90-åra til at namnet Smee etter kvart sigra. Det kom først i kyrkjebøkene og seinare og i tingbøkene. Dette namnet vart og brukt ved folketellinga i 1801. Det budde da 4 familiar på og/eller ved Bakke og 3 familiar og/eller ved Smee.

Dei 4 familieane på og ved Bakke var: 1. Ole Olsen, husbonden, 34 år, 2. Aasta Christensdtr., kona hans, 25 år, 3. Sigrid Olsdtr., dotter deres, 5 år, 4. Marit, dotter deres, 2 år, 5. Erik Pedersen, tenestkar, 20 år, 6. Ingebor Tolledsdtr., tenestkvinne, 48 år, 7. Kari Thorkildsdtr., tenestkvinne, 18 år. 2. familie: 1. Ole Olsen, føderådsmann, 63 år, 2. Sigrid Pedersdtr., kona hans, 70 år. 3. familie: 1. Kristen Evensen, husmann med jord, 52 år, 2. Marit Madsdtr., kona hans, 48 år, 3. Marit Olsdtr., legdkone, 78 år. 4. familie: 1. Christen Christensen, husmann med jord, skomaker, 39 år, 2. Sønnøv Eriksdatter, kona hans, 43 år, 3. Christen Christensen, son deres, 15 år, 4. Ole, son deres, 10 år, Erik, son deres, 2 år, 5. Marit, dotter deres, 4 år.

Dei 3 familieane på Smee var: 1. familie: 1. Christen Olsen, husbonden, kunstmålar, 41 år, 2. Marit Engebretsdtr., kona hans, 45 år, 3. Mari, dotter deres, 8 år, 4. Marit, dotter deres, 6 år, 5. Ingeborg, dotter deres, 3 år, 6. Ole Olsen, tenestkar, 23 år, 7. Eli Endresdtr., tenestkvinne, 18 år, 8. Sigrid Larsdtr., føderådskone, 66 år. 2. familie: 1. Rasmus Jonsen, husmann med jord, 56 år, 2. Berit Poulsdtr., kona hans, 46 år, 3. Poul Rasmusen, son deres, 13 år, 4. Marit, dotter deres, 10 år, 5. Kjersti., dotter deres, 6 år, 6. Anne, dotter deres, 3 år, 7. Kari Olsdtr., inderst, hushjelp, 47 år, 8. Peder Pedersen, sonen hennar, 12 år.

3. familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord, soldat, 34 år, 2. Kari Nilsdtr., kona hans, 36 år, 3. Berthe Olsdtr., dotter deres, 4. Anne Olsdtr., dotter deres, 1 år, 5. Beret Olsdtr., mor til mannen, hushjelp, 77 år.

Frå dette tidspunkt fører vi så saga til desse to gardane fram til 1939 kvar for seg: Bakke. Husbonden Ole Olsen hadde ved overtakinga av garden i 1789 lånt 200 rd. av Nils Furu og 600 rd. av Arne Arnesen Øyre. Men Ole Olsen Bakke f. 1767 vart ingen gamal mann. Han døde i 1814, og den 25. april 1815 var det avsluttande skifte etter han. Ved dette skiftet vart garden Bakke taksert for 1000 riksbankdalar, og dødsbuet utgjorde brutto 1606 rbd., men netto berre 15 rbd. N. V. (norsk valuta). Da var 1000 rbd. brukt til tilbakebetaling av lån til kreditorane. Arvingane ved skiftet var forutan enka Aasta Christensdtr. dei 6 borna i ekteskapet. Av dei var: Sigrid da 18 år, Marit 15 år, Christen 12 ½ år, Christence 9 år, Olia 6 år, og Marthe var 2 år.

Fire år seinare kom i 1819 matrikkelframlegget for Fåberg med fleire nye opplysningar om gardane. Der er det om garden Bakke fortalt at buskapen der av store husdyr i den tid var 2 hestar og 12 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde i vanlege gode år kring 45 tønner. – Enka Aasta Christensdtr. med den store barneflokk brukte sjølv garden til i 1827, da ho skjøta Bakke til eldste sonen Christen Olsen.

Så gjekk elleve år, og i 1838 kom den nye matrikkelen av 1838 med nyare opplysningar om gardane. Bakke fekk da som ny matrikkelskyld: 5 skylddalar 3 ort 11 skilling, og det var framleis Christen Olsen som var gardbrukar på Bakke. I 1842 var det elles handel med ein parsell av garden. Christen Bakke selde da til kjøpm. C. Andersen halvdelen av Veslesetra m. v.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert dei nyaste opplysningar om gardane. Der er det om Bakke oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 259 mål, og av dette var 89 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare oppgitt at buskapen på bakke med husmannsplassar tilsm. var 4 hestar, 19 storfe og 26 småfe, og at den årlege utsæd av korn var ca. 8 ½ tønne og av settepoteter ca. 15 tn.

Året etter gav i 1866 Christen Olsen Bakke skjøte på ættegarden Bakke til eldste sonen sin, Ole Christensen, for kjøpesum 1000 spd. og eit føderåd verdsett til 300 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Bakke i Fåberg fekk da gardsnr. 90 med samla skyld 11,55 mark, og det var da framleis Ole Christensen som var gardbrukar på Bakke. Men i 1894 gav så Ole Kristensen, som namnet da er skrive, skjøte til Herman Tønset på grd. Bakke for kjøpesum kr. 15500,- + føderåd av 5-årleg verdi 1750 kr. I kjøpesummen var da medrekna lausøyre for kr. 3500,-.

Ti år seinare var det i 1904 ei skyldsetningsforretning på Bakke, og parsellen brn. 2 Bjørkaas av skyld 0,77 mark vartfråskilt garden og seld til Iver Lindberg. Frå denne tid er elles opplyst at ved kommunevalet i 1901 budde det 6 personar med røysterett på eller ved Bakke. Det var: 1.

Herman Tønset, gardbrukar, 59 år, 2. Olava Tønset, kona hans, 50 år, 3. Johannes Johansen, tenar, 39 år, 4. Ole Kristensen Bakke, føderådsmann, 78 år, 5. Ingeborg Henningsdtr., føderådskone, 59 år, 6. Peder Simensen Sæter, ved Bakke, inderst, 42 år, seinare tilført: ”fattigunderstøttet, suspenderet”. Ein merker seg at røysterettsalderen enda var 25 år.

Av handlar i seinare tid med Bakke eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1922 kjøpte så Anton Nilsen brn. 3 Spikkerud av skyld 0,07 mark. Etter det var det ved jordbruksregistreringa i 1939 to gardsbruk under gnr. 90 Bakke med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 90, brn. 1 og 2 Bakke med eit jordbruksareal på ca. 250 mål, som Herman Flugsrud da var eigar og brukar av, brn. 3 Spikerud, areal ca. 20 mål, eigar og brukar: Anton Spikerud.

Smee eller Lillebakke.

Kristen Olsen, som i 1801 var husbonde på Smee, var egentleg frå Sundgarden og var i 1790 vorte gift med Marit Ingebretsdtr.

----Side 7 mangler i manuskriptet.

Bonden Johannes Sme og husmannen Ole Amundsen gjorde da eit forlik om plassen Engesvea.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre. Garden ”Sme ell. Lillebakke” i Fåberg fekk da gardsnr. 96 av samla skyld 9,35 mark, og eigar og brukar av garden var da også Johannes Arnesen.

Men sju år seinare gav i 1893 Johannrs A. Sme skjøte til sonen Kristen på ættegarden Sme for kjøpesum kr. 4000,- + eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 2000,-. Ved ei skylddelingsforretning i 1907 vart elles ein parsell brn. Engesveen søndre fråskilt og selt til Julius Nilsen for kr. 1800,-. Ved kommunevalet same året, altså i 1907, budde det da 6 personar med røysterett n på og/eller ved Sme. Det var: 1. Johannes A. Sme, føderådsman, 77 år, 2. Berte K. Sme, kona hans, 75 år, 3. Kristen J. Sme, gardbrukar, 46 år, 4. Marie O. Sme, kona hans, 42 år, 5. Gudbrand J. Sme, tømmermann, 36 år, 6. Ingeborg H. Bakke, føderåds-kone, 65 år. Elles budde det da 4 personar med røysterett i Engesveen. Det var: 1. Julius Nilsen, sjølveigar, 36 år, 2. Oline Nilsen, kona hans, 43 år, 3. Ole Kristiansen, tømmermann, 71 år, 4. Ole Olsen, dagarbeidar, 30 år.

I mellomtida hadde elles bruket Skålien vore på handel og var i 1830 vorte selt av Arne Johannessen til Kristen Jensen, som hadde Skålien til i 1834, da han skjøte bruket til Johannes Olsen, som var brukar der til sin død. Men i 1873 gav enka etter Johannes Olsen, Marte Engebretsdtr., skjøte til svigerson sin, Kristian Pedersen, på Skålien for kjøpesum 200 spd. + føderåd verdsett til 150 spd. Kristian Pedersen var og brukar i Skålien resten av livet, men i 1910 gav enka etter Kristian, Agnethe Skålien skjøte på bruket til Lars Fleskerud, som i 1911 selde vidare til Johannes Larsen for kr. 4500,-.

Etter dette var det ved jordbruksregistreringa i 1939 tre bruksnummer under gardsnr. 96 Sme med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grb. 96 brn. 1 Smee med eit jordbruksareal på 142 mål, og med Olaf og Johannes Smee som eigar og brukar, brn. 2 Engesveen,areal ca. 12 mål, eigar og brukar: ? , brn. 3 Engesveen, areal ca. 12 mål, eigar og brukar: Ole Engesveen.